



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2463 - 18/26717

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
04.09.2018

## Oversender søknad om dispensasjon for etablering av veg - Galteråsen - til uttale - gbnr 37/469 Alver

Tiltak: etablering av veg  
Byggjestad: Gbnr: 137/469 Alvervegen 25  
Tiltakshavar: Romarheim AS  
Ansvarleg søker:

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av veg – Galteråsen med 700m lengde og bredde ca.7m kjørebane. Med grøft vert det opp til ca. 9,5m. bredde, men dette vil variere. Vegen er vist med opp til 6m fylling og 9m skjering, men dette vil variere.

Vegen vert etablert på gbnr 137/772, gbnr 137/13, gbnr 137/804, gbnr 137/23 og gbnr 137/811.

Grunngjevinga er å få kanalisert tungtrafikk til Alver næringsområde samt massetransport til jordtipp hos Alver hjort. Det er eit framtidig ønskje om å bygge ut omkringliggende næringsområder. I høve naturstien i nærliken, markert med rosa farge på oversiktteikning nord for vegen, vil det vert gjeve kompenserande tiltak på den delen av stien som vert berørt.

Det er tiltakshavar er Kåre Romarheim AS som fremjar dispensasjonen. For Romarheim AS er signatur gitt daglig leder (Bente Lorentzen) og styrets leder (Kåre Romarheim). Kun Kåre Romarheim fremjar dispensasjonen. Vi har lagt til grunn at dette er tilstrekkeleg ved søknad om dispensasjon.

### Planstatus

Området, der vegen ønskjes etablert, er uregulert og er omfatta av kommunedelplan (KDP) for Knarvik – Alversund 2007-2019.

Vegen kryssar tre føremål i KDP:

- 1) Offentleg føremål (rosa) kode 150
- 2) LNF-føremål utan høve til spreidd utbygging (lyse grøn) kode 210
- 3) Næringsverksem (blå) (kode 130)

Det er krav til dispensasjon for etablering av vegen frå plankravet og LNF-føremål.



Offentleg føremål (rosa) er satt av til mogleg framtidig skuleområde, jf. KDP pkt. 6.9. Sidan KDP vart vedtatt, har dette endra seg. Det er vedtatt å etablere ny barneskule i Alversund og ungdomsskulen er no flytta til Knarvik. Det følgjer det av KDP at området skal tilbake til LNF, viss ikkje området vert nytta til sitt føremål.

Det er ein grøn korridor ved Alver hjort som vert knyta saman med naturstien som er ein del av eit større friluftsområde. Naturstien og friluftsområdet vert nytta av Ikenberget bustadfelt, Alvermarka bustadfelt samt bebuarar frå Knarvik, Alversund og Hilland. Naturstien er markert med rosa farge på oppsida av vegen på innsendte teikningar og markert med grått på grunnkart matrikkel.

Det er fleire næringsområder i nærleiken som er regulert:

Reguleringsplan Alver næringsområde gbnr 137 bnr 325 og 469 mfl.

Reguleringsplan Alver næringsområde Sør.

Reguleringsplan Breimyra gnr. 137.

Reguleringsplan Galteråsen gnr. 137.

På noverande tidspunkt er området, der vegen ønskjas etablert, eit område med massebalanse beståande av små toppar og myr.

KDP for Knarvik-Alversund er no på rullering og KDP for Knarvik-Alversund og Alverstraumen skal slås saman til ein kommunedelplan. Området der vegen er skal etablerast, er tenkt satt av til næringsområde.

### Tilkomst

Slik vi forstår, så skal tilkomst til næringsareala skje via rundkjøringa på fylkesveg 565 til bruk for næringsområde i Galteråsen.

### Vatn- og avløp

Det er kommunal vassleidning i området lokalisert i og i nærleiken av traseen til naturstien.

### Andre høve

Dispensasjonen er delvis nabovarsla. Kommunen har bedt om ein redegjørelse for massebereking ved etablering av ca. 7m brei veg med fylling og over lang strekkje. Kommunen har bedt om ein redegjørelse kva slags tidsperspektiv det er tenkt at dispensasjonen skal gjelde for. Kommunen har likevel valt å sende saka på høyring for å få avklart moglegheita for ein dispensasjon. Parallelt med høyringsfristen, vil kommunen innhenta naudsynt dokumentasjon.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - veg frå Galteråsen til Alver Næringsområde  
A\_Følgebrev dispensasjon  
B1\_Dispensasjonssøknad  
C1\_Opplysninger gitt i nabovarsel  
C2\_Kviteringsliste nabovarsel  
C3\_1\_Samtykke gnr 137 bnr 89 og 219  
C3\_2\_Samtykke nabovarsel, Entreprenørparken  
D1\_Oversiktstegning  
D2\_Plantegning 1av3  
D3\_Plantegning 2av3  
D4\_Plantegning 3av3  
E1\_TVERRPROFIL PEL 0  
E2\_TVERRPROFIL PEL 50  
E3\_TVERRPROFIL PEL 100  
E4\_TVERRPROFIL PEL 150  
E5\_TVERRPROFIL PEL 200  
E6\_TVERRPROFIL PEL 250  
E7\_TVERRPROFIL PEL 300  
E8\_TVERRPROFIL PEL 350  
E9\_TVERRPROFIL PEL 400  
E10\_TVERRPROFIL PEL 450  
E11\_TVERRPROFIL PEL 500  
E12\_TVERRPROFIL PEL 550  
E13\_TVERRPROFIL PEL 600  
E14\_TVERRPROFIL PEL 650  
E15\_TVERRPROFIL PEL 700  
F1\_Lengdeprofil pel 0-350  
F2\_Lengdeprofil pel 350-700  
Grunnkart matrikkel- gbnr 137\_469  
Komuneplankart oversikt - gbnr 137\_469  
Komuneplankart - gbnr 137\_469  
Ortofoto 2015 - gbnr 137\_469

**Kopi til:**

Romarheim AS Alvervegen 25 5911 ALVERSUND

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			
Romarheim AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
Rune Kilen			